



Saksbehandler:	Arkivkode:
Arkivsaksnr:	JournalpostID:

Bjørnafjorden formannskap	Utval:
---------------------------	--------

**Rekneskapsrapport pr. januar - februar 2020**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

[Formannskapet tar Rekneskapsrapport pr. januar – februar 2020 til orientering. ]

**Samandrag av saka:**

[  
Rekneskapsrapport pr. februar viser at drifta i sektorane stort sett følger budsjett. Den store utfordringa i 2020 ser ut til å bli finansavkastning og ev skatteinngang.

Bjørnafjorden, 26.03.2020

Christian Fredrik Fotland  
Kommunedirektør

## Saksutgreiing:

<b>Driftsrapport drift 2020 - Februar</b>				
<b>Sektor</b>		<b>Rekneskap 2020</b>	<b>Budsjett 2020</b>	<b>Forbruk 2020</b>
100	Skatt, rammetilskot m.v.	(181 381 233)	(1 129 360 000)	16,1 %
102	Finans	9 544 740	108 752 747	8,8 %
<b>Sum</b>	<b>Finans / frie inntekter</b>	<b>(171 836 494)</b>	<b>(1 020 607 253)</b>	<b>16,8 %</b>
<b>Sum</b>	<b>Fellesområde</b>	<b>10 022 910</b>	<b>46 848 820</b>	<b>21,4 %</b>
<b>Sum</b>	<b>Stab</b>	<b>18 712 979</b>	<b>88 920 576</b>	<b>21,0 %</b>
<b>Sum</b>	<b>Oppvekst</b>	<b>134 826 347</b>	<b>671 591 181</b>	<b>20,1 %</b>
<b>Sum</b>	<b>Helse og velferd</b>	<b>117 954 003</b>	<b>79 834 128</b>	<b>147,7 %</b>
<b>Sum</b>	<b>Samfunnsutvikling</b>	<b>4 361 478</b>	<b>133 412 548</b>	<b>3,3 %</b>
<b>Sum</b>		<b>114 041 224</b>	<b>-</b>	

## Generelt

Kostnadsavsetninger gjort i rekneskapene for 2019 er ikkje tilbakeført enno. Dette vil ta noko tid, då rekneskapane for dei to kommunane må avsluttast før det kan lagast ein opningsbalanse for Bjørnafjorden kommune. Dette medfører at nokre einingar vil vise (for) høge utgifter no før avsetningane blir tilbakeført (inntektsført).

Det pågår eit stort arbeid for å få lønsutgifter og budsjett til å «matche». Dette har samanheng med at budsjett og lønsstruktur måtte lagast før organisasjonsstrukturen og fordeling av tilsette var endeleg avklart. Dette kan medføre at tala for enkelte einingar ikkje gjev eit korrekt bilete før alt er retta.

## Frie inntekter

*Frie inntekter ser førebels ut til å gå i balanse i 2020.*

Det blei i statsbudsjettet rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2019 til 2020 med 2,1 prosent. Nye overslag på årsveksten i skatt for 2020 rekna i forhold til dei faktiske skatteinntektene i 2019 er på 1,3 prosent for kommunesektoren. For Bjørnafjorden kommune er skatteveksten pr. februar 4%, medan skatteveksten for kommunesektoren samla er 2,6%. Skatteinntektene i januar og februar er i stor grad knytt til inntektsåret 2019. Vi må forvente at skatteveksten vil avta framover som følge av tiltaka mot Corona viruset.

## Finans

*Finans er svært usikker for 2020.*

Utgiftene til renter og avdrag er så langt innafor budsjett og ingenting tyder på utfordringar på dette feltet. Det er det derimot når det gjeld finansinntektene ettersom finansmarknaden er påverka av situasjonen rundt Corona viruset. Pr. februar er avkastninga på finansporteføljen negativ med 2,7 mill. kr tilsvarande - 2,6%. Administrasjonen har i februar gjort store

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

endringar i finansporteføljen. I samsvar med finansreglementet er finansporteføljen pr. 31.12. re-balansert både mot vedtatt strategi og mot grunnkapitalen. Dette inneber m.a. at opptent avkastning dei siste åra er tatt ut av den langsiktige finansporteføljen og plassert i pengemarknadsfond som overskotslikviditet. Totalt vil 80,8 mill. kr bli tatt ut av porteføljen. Dei fleste transaksjonane blei gjennomført 03.02.2020, før finansuroa, men ein transaksjon på 4 mill. kr står att då det tar tid å handle i dette fondet.

### **Sektor for Fellesutgifter**

*Sektor for Fellesutgifter ser førebels ut til å gå i balanse i 2020.*

Fellesutgifter omfattar Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon. Det var ein del komplikasjonar og forseinkingar rundt utbetaling av møtegodtgjersle i 2019. Det er gjort ei avsetning på vel 1,2 mill. kr i rekneskapen for 2019 for dette. Møtegodtgjersle vedr 2019 blir utbetalt og bokført i februar/mars, men avsetninga er ikkje tilbakeført. Folkevalde organ har derfor ein høg forbruksprosent. Merk og at saldering av kommunebudsjettet for 2020 med bruk av disposisjonsfond kr 12.920.000. er budsjettet på Folkevalde organ. Fellesutgifter ligg litt høgt på nokre driftspostar, men det er enno for tidleg på året til å varsle avvik. Det er for tidleg på året til å seie noko om pensjon.

### **Sektor for Stab**

*Sektor for Stab ser førebels ut til å gå i balanse i 2020.*

Det er tidleg på året, og førebels ser sektoren samla sett ut til å drifte innafor budsjettrammene sine.

### **Sektor for Oppvekst**

*Sektor for Oppvekst ser førebels ut til å gå i balanse i 2020.*

Skulane skal inn i same finansieringsmodell for tildelinga av budsjettmidlar frå hausten 2020, men justeringane må skje gradvis og vi må ta omsyn til nokre svært små skular. Pr no har nokre skular for høge løpande driftsutgifter i forhold til budsjett, og må nedjustere drifta hausten 2020 for å kome ut i balanse.

Dei kommunale barnehagane og øvrige einingar drifter i forhold til budsjett.

### **Sektor for Helse og velferd**

*Sektor for Helse og velferd ser førebels ut til å gå i balanse i 2020.*

Bjørnafjorden kommune har sagt ja til å bli med i vidareføringa av SIO-prosjektet (SIO II) som vil vare ut 2022. Store delar at tenesteområdet blir dermed omfatta av prosjektet som får si finansiering direkte frå staten på bakgrunn av utførte vedtak. Pr. februar er det ikkje ført statstilskot, medan utgiftene er ført. Slik det ser ut er det heller ikkje avvik å melde om for den øvrige delen av tenesteområdet.

### **Sektor for Samfunnsutvikling**

*Sektor for Samfunnsutvikling ser førebels ut til å gå i balanse i 2020.*

Det er tidleg på året, og førebels ser sektoren samla sett ut til å drifte innafor budsjettrammene sine. ]

Bjørnafjorden, 26.03.2020

Ingrid Karin Kaalaas  
Økonomisjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*